



## Notat

Dato

FØRDE, 19.10.2015

Til: Hovudutval for næring og kultur

Frå: Fylkesdirektøren for kultur

### Oppnemning av representantar til styre, råd og utval (kultur)

Hovudutval for kultur har fått delegert valretten til oppnemning av representantar til ei rekke styre, råd og utval. Desse vala følgjer i dei fleste tilfelle valperioden, men nokon har oppnemning anna kvart år. I tabellen under finn de eit oversyn over tidlegare oppnemningar gjorde i hovudutval for kultur og kven som sit som representantar fram til ny oppnemning er gjort.

Oppnemningane kan delast i tre grupper slik:

- Oppnemningar til styre og generalforsamlingar i akseselskap
- Oppnemning til styringsgrupper, råd, m.m. der fylkeskommunen sine interesser skal hevdast
- Oppnemningar til styre i stiftingar, m.m. der stiftinga sine interesser skal ivaretakast.

Fylkesdirektøren legg med dette fram ein samla oversikt over alle oppnemningar som gjeld på kulturfeltet til orientering. Det vert så fremja oppnemningssak i novembermøtet.

**Vedlegg:** Samla oversyn over oppnemningar

